



Dei 14 førsteklasingane saman med lærarane Elisabet Amundsen og Hilde Bringedal. Frå venstre foran Nils Rainer Strüter Vågen, Saima Lomheim Døssland, Tørres Myklebust Lekva, Jonathan Taranger, Joachim Sjo Musland, Ole Haukenes Eik, Nellie Marie Hagen og Niklas Lakselv. Bak frå venstre Joacim Ubanos Snilstveit, Ella Karina Hjørnevåg, Silje Soldal, Kristoffer Tungesvik Hauge, Victoria Haaranes og Jostein Soldal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I skuleåret 2009/2010 er det 14 førsteklasingar og dei møtte fram i føremiddag, fulle av forventningar men førebels trygt forankra i handa til mor eller far. Men den forankringa vara ikkje lenge - dei slapp seg i høgste grad laus i klasserommet og det var tydeleg at dei hadde vore der før!**



- No tek eg bilete av deg! Kontakten er allereie oppretta mellom lærar Elisabet Amundsen og førsteklassing Victoria Haaranes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då førsteklassingane starta på dei sju skuleåra sine i Uskedalen hadde dei 80 andre elevane frå fjerde til sjuande klasse allereie vore der vel ein time.



På skuleveg onsdag morgon: Anne Zofia Fonn og Nina Rød Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 14 nye fekk ei spesiell velkomsthelsing av rektor Vidar Haugland, som imponerte stort med å hugse namna på alle!

Det var litt høgtidssamt i klasserommet frå starten, der namna på alle sto på tavla og miniflagget var heist på full stong ved sida av friske blomar.

Men snart utfalda dei nybakte elevane seg i trommesongen og i samlingskroken fekk lærarane Hilde Bringedal og Elisabet Amundsen utan problem fram fyldige rapportar om kva dei hadde gjort i sumarferien - både på norsk grunn og i fleire utland.

Hilde las også eit av dei mest kjende, trolske folkeeventyra før teiknearka kom fram. Skal ein med få ord karakterisera den fyrste skuletimen til dei nye elevane må det vera **GOD KONTAKT** og **STORT ENGASJEMENT**.

Dei 94 elevane ved skulen vår i det nye skuleåret fordeler seg slik: 1. klasse 14, 2. klasse 18, 3. klasse 12, 4. klasse 13, 5. klasse 16, 6. klasse 7, 7. klasse 13, 10. klasse 1.

Lærarar for 1. og 2. klasse er Elisabet Amundsen, Hilde Bringedal og Rannveig Helleland.

Lærarar for 3. og 4. klasse er Odd Steinar Arnesen, Brit Hjetland, Terje Helleland og Svein Sunde.

Lærarar for 5.-7. klasse er Kari G. Svinth, Bjørg M. Fredheim, Åse Neset og Vidar Haugland.

Lærar for 10. klasse er Brit Hjetland.

Assistentar i skulen er Kari Merta Bartlett, Nina Rød Eidsvik, Gunnbjørg Eik, Luiza Ledwig, Jorunn Myklebust og Marit Røssland medan Lene Hjelmeland er praktikant.

Av Ola Matti Mathisen